



Arkivsaknr: 2024/5413-11
Sakshandsamar: Ingunn Øvretveit
Avdeling: Stab - Helse og omsorg

SAKSFRAMLEGG

Søknad om fornya salsløyve for alkoholhaldig drikk gruppe 1 i tidsrommet 01.10.24 - 30.09.28- Ikenberget mat - Kiwi Ikenberget

Utvalssak	Utval	Møtedato
	Utval for levekår	

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

1. Ikenberget Mat AS, org.nr. 985771367 vert innvilga salsløyve for alkohol gruppe 1 i omsøkte lokalar – Kiwi 831 Ikenberget, Blombakken 2, 5911 Alversund.
2. Løyvet vert gjeldande i perioden frå 01.10.24 – 30.09.28
3. Styrar for løyvet: Henriette Sagstad f. 19.12.88
Avløysar for løyvet: Anette Skorpen f. 15.01.82
4. Salstidene følgjer vedteken forskrift om sals-, skjenke- og opningstider for Alver kommune.
5. Løyvehavar pliktar å sende til Alver kommune oppgåve over faktisk omsett mengd alkohol innan 01. mars kvart år.
6. Løyvehavar har sjølv ansvar for til ei kvar tid å leggje fram opplysningar for kommune som kan ha konsekvensar for dei vilkår som er sett i løyve.

Klagerett: Klagefrist er 3 veker etter mottatt melding om vedtak, jfr. Forvaltningslova § 29. Klageinstans er Statsforvaltaren i Vestland. Klage skal sendast til Alver kommune.

Politisk handsaming

Saka skal avgjerast i utval for levekår

Saka gjeld

Søknad om fornying av salsløyve for alkoholhalig drikk gruppe 1 i perioden 2024- 2028

Bakgrunn

Ikenberget Mat AS har i søknad datert 30.04.24 søkt om fornying av salsløyve for alkoholhaldig drikk gruppe i tidsrommet 01.10.24 – 30.09.24 i lokala til Kiwi 831 Ikenberget, Blombakken 2, 5911 Alversund. Henriette Sagstad er styrar for salsløyvet og Anette Skorpen er avløysar. Opningstida er frå kl. 07.00 til kl. 23.00 måndag- laurdag

Vurdering

Alver kommune har løyveperiodar på inntil 4 år for sal og skjenking, med opphøyr seinast 30. september året etter at nytt kommunestyre tiltrer (Alkoholova §1- 6). Ikenberget Mat, Kiwi Ikenberget søker løyve for ny periode.

Søknaden har vore til uttale hjå NAV Alver, politi og skatteetaten som ikkje har merknader til søknaden eller omsøkte personar.

Styrar og avløysar for salsløyvet har bestått kunnskapsprøven samsvar med alkoholova §1-7 c.

Alkoholova §1- 7b - krav til vandel og alkoholova §1-7 a kommunens skjønnsutøvelse ved behandling av søknad, kommunen sin alkoholpolitiske plan og Alver kommunes kommuneplan samfunnsdel 2022-2034 er lagt til grunn i vurdering av søknaden.

Kommunedirektøren si tilråding
Søknaden vert tilrådd innvilga.